

ÅRSMELDING 2015

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Innhald

Sogn og Fjordane Folkemusikklag

- Administrasjon
- Medlemmer, medlemskap og representasjon
- Årsmøtet 2015
- Utgjevingar
- Fond
- Folkemusikkprisen

Prioriterte satsingsområde 2015-2018:

- Informasjon
- Folkemusikkarena
- Kulturpolitisk arbeid
- Organisasjon

Utsnitt

Samarbeidspartnarar

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har følgjande formål:

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for og auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

STYRET

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2015 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Antonia Karete Haugen Kongsvik (Stryn) styreleiar
Dagfrid Vallestad Brevik (Førde) nestleiar
Aud Sissel Orheim (Nordfjordeid) styremedlem
Arve Bjørn Røneid (Gaupne) styremedlem
Knut David Hustveit (Fjaler) styremedlem

Varamedlemer:

1. varamedlem Elling Sølvberg (Stryn)
2. varamedlem Bjørn Eivind Årdal (Jølster)
3. varamedlem Leif Erik Stuhaug (Førde)

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte. Av desse var eitt av møta gjennomført på Skype. Totalt har styret handsama 37 saker. Nokre av sakene har også vore drøfta pr. e-post.

ADMINISTRASJON



Ingrid Andersen Heieren er dagleg leiar og folkemusikk-koordinator i Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

Stillinga er framleis på 50%.

Dagleg leiar har kontorfellesskap med Førdefestivalen i Førdehuset.

MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON

Folkemusikklaget hadde **500** medlemmer pr. 31.12.2015 (477 i 2014), **53** born og unge og **447** vaksne. (54 born og 423 vaksne pr. 31.12. 2014). Av desse er **14** enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget.

20 lokallag er tilslutta organisasjonen. Dette er eitt lag meir enn i 2014.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:
FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
Sogn og Fjordane Musikkråd (skipa i 2012)

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har vore representert på:
25-årsjubileet for fylkesmusikarordninga: *Nestleiar Dagfrid Vallestad Brevik*
Årsmøtet i FolkOrg i Oslo: *Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren*
Oppsummeringsmøte om FK 2015: *Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren*
Møte med arrangøren av FK2016: *Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren*
Leiar møte i Vestlandskappleiken: *Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og dagleg leiar Ingrid Heieren*
Representantskapsmøte i Førdefestivalen: *Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren*

11.oktober var det avslutningslunsj for tidlegare dagleg leiar i Sogn og Fjordane Folkemusikklag Dagrun Hesjevoll som gjekk av med pensjon etter 26 år i stillinga. Avslutninga var på Scandic Sunnfjord Hotel. I tillegg til noverande styre og administrasjon var alle dei tidlegare leiarane av folkemusikklaget samt ein representant frå FolkOrg og ein frå Førdefestivalen inviterte. Som takk for innsatsen, vart Dagrun overrekk eit bilde laga av kunstnaren Svein Are Mørkve.

ÅRSMØTET 2015

Årsmøtet var lagt til Skei hotell, søndag 22.februar. 10 medlemslag var representerte med til saman 14 røysteføre utsendingar.

- Frå styret møtte styreleiar Antonia Karete Haugen Kongsvik, nestleiar Oddbjørg Ese, styremedlemene Kari Malmanger, Dagfrid Vallestad Brevik og Knut David Hustveit.
- Frå administrasjonen Ingrid Andersen Heieren.
- Frå valnemnda møtte Terje Rune Vie.

Dagfrid Vallestad Brevik var møteleiar. Til stades var til saman 21 personar. Helene Myklemyr Bolstad var på møtet som gjest frå FolkOrg. På saklista stod vanlege årsmøtesaker.

FOND

Sogn og Fjordane Folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond



Rolf Myklebust

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelningar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar.

Fondet sto pr. 31.12.15 med kr. 126 196,81kr i eigenkapital. Det vart ikkje gjort tildelingar frå fondet i 2015.

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret.


Fondet sto pr. 31.12.15 med kr. 79 372,82 i eigenkapital.

UTGJEVINGAR

Rolf Myklebust: *Slåttar i Nordfjordtradisjon*

Rolf Myklebust sine notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2015 der 485 hefte på lager. Hefte nr. 2 er utseld. Arbeidet med å få trykt opp fleire eksemplar av hefte 2 er no starta.

Skumringstimen



Boka *Skumringstimen* vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket.

Boka inneheld også to cd - plater med opptak av kjeldene.

Folkemusikklaget har pr. 31.12.2015 61 bøker på lager.

FOLKEMUSIKKPRISEN

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket. Neste prisutdeling er i 2016.

Tidlegare mottakarar av Folkemusikkprisen: Elin Grytting (2014), Jon Oddvar Kandal (2012), Einar Eimhjellen (2010), Harald Hesjevoll (2008), Arne M. Sølberg (2006), Ingrid Søyland (2004), Petter Eide (2002), Sigmund Eikås (2000), Oline Løvlid (1998), Maria og Lars Ryssdal (1996), Anna og Ragnvald Lunde / Martha Seljeseth Frøland (1994), Svein Skjerdal (1992), Peder Raad / Johanna og Nils Ormberg (1990), Gudveig og Ingolf Iversen / Sjur Hesjevoll (1988) og Paul Berstad (1986).

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE INFORMASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er

nettportalen www.folkemusikklaget.no. Her må interesserte lesarar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønskjer. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebrief, pressemeldingar og bruk av sosiale media. Her deler Folkemusikklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen “Folkemusikk i Sogn og Fjordane” laga ein felles informasjonsportal knytt til domena www.folkemusikklaget.no, www.mokurset.no, www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no.

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar. Folkemusikklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på meny punktta Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir hovudsakleg produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement rundt i fylket. Det har i 2015 vore publisert om lag 150 artiklar på nettsida. I adventstida hadde Folkemusikklaget sin eigen adventskalendar der vi presenterte dei fleste lokallaga i fylket og i tillegg nokre andre folkemusikkaktørar i fylket.

SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på facebook. Her vidareformidlar folkemusikklaget egne nyhende frå nettportalen vår. Det vert også forsøkt å dele vidare folkemusikkhendingar som andre har oppretta, artiklar frå aviser om folkemusikarar m.m. Det vert spesielt lagt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane. I tillegg har vi i 2015 også skaffa oss eigen konto på Instagram.

Dei fleste arrangementa våre vert oppretta som hendingar på facebookside vår. Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har tilbod om å bli oppretta som hendingar under Folkemusikklaget si side.

NYHENDEBREV

Folkemusikklaget har sendt ut eit månadleg nyhendebrief til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontaktinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebriefet blir generert ut frå nettportalen “Folkemusikk i Sogn og Fjordane”. Vi arbeider jamleg med å oppdatere og utvide mottakarlista for nyhendebriefet.

PRESSEMELDINGAR

Folkemusikklaget har sendt ut pressmeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har i tillegg dei lokale arrangørane også sendt ut relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

FOLKEMUSIKKARENA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og vaksne gjennom å:
 - skipe til eigne arrangement
 - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
 - oppmode kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad der fins gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og vaksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at der fins utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar. Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene åleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på sikre desse arenaene, og dessutan oppmode fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

JUNIORESPELEMANNSLAG



Sunnfjord juniorspelemannslag.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag jobbar for å få på plass juniorspelemannslag rundt om i fylket slik at unge folkemusikkutøvarar får eit samspeltilbod og får treffe andre med same interesse regelmessig.

Pr. i dag er det kome i gong juniorspelemannslag i Sunnfjord. 14 ungdomar frå Førde Kulturskule, Gaular Spelemannslag, Dalsfjorden Spelemannslag og Naustdal Spelemannslag var samla til si første øving som Sunnfjord juniorspelemannslag 9.juni. Laget er pr. i dag drive av Førde kulturskule i samarbeid med spelemannslaga og kulturskulane i Sunnfjord og øver ein gong i månaden.

KAPPLEIKAR



Smørbukk-kappleiken

Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessa.

Smørbukk-kappleiken vart også i år arrangert under fylkeskappleiken laurdag 21.mars i Jostedal. I alt var 35 unge deltakarar frå heile fylket i aksjon på scena. Innslaga femna frå solonummer til store grupper. Både dans, song og spel var representert blant innslaga.

Asbjørg og Arne M. Sølvberg leia samlingsstunda for alle med leik og dans midt i kappleiken. Ingrid Heieren var programleiar, og ein jury samansett av Ingrid Schei Stuhaug, Einar Ese og Mathilde Skjæret fekk i oppgåve å peike ut "Årets Smørbukk".

Rasmus Tennø Loe imponerte alle toradarspelet sitt og vart for dette kåra til "Årets Smørbukk". I grunngjevinga sa juryleiar Ingrid Stuhaug blant anna «Vi i juryen vil gjerne trekke fram den flotte bassinga i spelet til Rasmus. Dette er ingen enkel sak, men Rasmus gjorde det med glans». I tillegg fann juryen det på sin plass å dele ut nokre ekstrapremiar til fleire av dei andre flotte innslaga. Sjølv sagt vanka det også rikeleg med karamellar og diplom til alle som deltok.

Smørbukk-kappleiken 2015 vart sponsa av Norsk Barneblad.

FYLKESKAPPLEIKEN og DM

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen i Jostedal, 20.-21. mars. Smørbukk-kappleiken var også i år samlokalisert med fylkeskappleiken, og vart avvikla på føremiddagen laurdag. For første gong vart DM trekkspel arrangert samstundes med kappleiken. Jostedal spel –og dansarlag var den lokale arrangøren av fylkeskappleiken medan DM var arrangert av Luster Trekkspelklubb. Arrangørane gjorde eit godt arbeid med førebuing og avvikling av kappleiken. Totalt var det 65 startnummer, og det vart som vanleg tevla i både bygdedans- og runddansklassar.

Vandrepemiane vart vunne av Dagfrid Vallestad Brevik (spel), Oddbjørg Ese og Johannes Kjos (dans) og Kari Malmanger (song). Kari Malmanger tok dermed sitt andre napp i vandrepemien i song medan Brevik og Ese/Kjos fekk det første nappet i sine vandrepemiar.

Vandrepemien i spel, ein viking utskoren i tre, var oppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag i 2014. Vandrepemiane i dans og song var oppsette av Spelemannslaget Fjelljom til fylkeskappleiken 2012.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på www.fylkeskappleiken.no under resultatarkiv. Under arkivpunktet ligg også mange fine foto og videoar frå kappleiken, tekne av kappleiks fotograf Tormod Øvrebø.

VESTLANDSKAPPLEIKEN

Vestlandskappleiken er eit samarbeid mellom folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2015 var det Sogn og Fjordane sin tur. Kappleiken vart arrangert i på Scandic Sunnfjord Hotel i Førde 9.-10. oktober 2015 med Indre Sunnfjord spelemannslag som lokal arrangør.

Fredagskvelden vart innleia med ein forrykande konsert med Bjørgum & Sandén Warg. Denne konserten vart skipa i samarbeid med Førdefestivalen.

Årets Vestlandskappleik hadde tevlingar i både bygdedans og runddans.

Totalt var det 78 startnummer.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på www.vestlandskappleiken.no

KURS | SEMINAR

TRADISJONSKURS «Å verte ein betre dommar».



Frå venstre: Kari Malmanger, Elling Sølvberg, Knut David Hustveit, Liv Fridtun, Hallgrim Skjerdal, Antonia Karete Haugen Kongsvik, Leikny Aasen, Vidar Underseth, Synnøve Bjørset, Joar Solheim, Ingrid Andersen Heieren og Sigmund Eikås. Kjartan Naustdal og Steinar Hysjulien var ikkje tilstade då fotoet vart teke.

Helga 21.-22. februar 2015 vart det arrangert tradisjonskurs på Skei. Tema for kurset var «Å verte ein betre dommar». Kurset var retta mot både dei som har vore dommar tidlegare og for dei som kan tenkje seg å vere dommar i framtida. Kursinstruktørar var Sigmund Eikås og Vidar Underseth.

MOKURSET

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans for born, unge og vaksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 5.-10. juli. Kurset hadde 60 deltakarar i alderen 10-20 år, der hovudvekta frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.

Mokurset hadde følgjande kurstilbod i 2015:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, langeleik, trekkspel og toradar.
- Meisterklasse på hardingfele/fele og trekkspel med Bjørn Kåre Odde og Øyvind Sandum i samarbeid med Førdefestivalen. Meisterklassa hadde stort fokus på samspel.
- Dansekurs med Sina Myhr.

Dansekurset og langeleikkurset måtte dessverre avlysast grunna for få påmelde. Magnhild Karsrud skulle ha vore instruktør på langeleikkurset. Dei andre kurstilboda gjekk som planlagt.

Instruktørar på spelkursa var Sigmund Eikås, Einar Ese, Erlend Apneseth og Sivert Holmen på hardingfele. Oda Bolstad, Jofrid Aardalsbakke Djupvik og Anne Marit Jota på fele. Ole Nilssen på toradar, Judith Vestrheim i song, Øyvind Sandum på trekkspel/meisterklasse og Bjørn Kåre Odde på meisterklasse.

Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren var kursleiar, og Synnøve Bjørset var medhjelpar på kurset. I tillegg var styret og ei rekkje andre frivillige i sving under kurset – takk for innsatsen!

Konsertar under Mokurset 2015:

- Slik kan det gjerast – instruktørkonsert
- Har du lyst, har du lov – deltakarkonsert
- Konsert og dans i Sersjantløa på Sunnfjord Museum
Konserten var i år med Sivert Holmen og Bjørn Kåre Odde.
- Mokurskonserten – avsluttingskonsert med alle deltakarane

Mokurset 2015 fekk stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Tine, Lerum og Luster Sparebank, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Norsk Folkemusikkfond.

Vi rettar ei stor takk til alle som støtta Mokurset 2015!



Deltakarar og instruktørar på Mokurset 2015. Foto: Einar Eimhjellen.

ARKIVKURS

5. desember var det arkivkurs på Fylkeshuset i Leikanger. Kursleiar var musikkarkivar Synnøve Bjørset. Der var totalt åtte deltakarar på kurset, to av deltakarane følgde kurset via Skype.

Tema for kurset var:

- Kva er eit arkiv, og kva er arkiva sine oppgåver?
- Om musikkarkivet i Sogn og Fjordane
- Opphavsrett og etiske perspektiv
- Musikkarkivet i framtida
- Korleis bruke musikkarkivet
- Korleis bidra til innsamlingsarbeid

Det er planlagt eit nytt arkivkurs hausten 2016.

KULTURPOLITISK ARBEID

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser. For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på

folkemusikkfeltet har gode r mevilk r for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege l yvingar p verkar r mevilk ra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre r mevilk r.

Kulturhistorisk rulett i NRK

Sogn og Fjordane Folkemusikklag st tta brevet fr  R det for folkemusikk og folkedans i h ve den varsla nedbygginga av Avdeling for arkiv & research i NRK. I brevet var det presiserte at folkemusikkarkivet er ein s rdeles viktig del av den nasjonale identiteten og historia. Det vart ogs  peika p  at den varsla nedbygginga kunne f re til at viktig fagkunnskap om innhaldet i arkivet forsvann.

Kulturtilboda i Sogn og Fjordane

I h ve det siste m tet i fylkestinget f r sommaren, 2.-3.juni 2015 var det forfatta eit brev til fylkespolitikarane v re som dei fleste av kulturinstitusjonane i fylket slutta seg til. I brevet var det lagt vekt p  at det er viktig   ta vare p  v re eigen kulturarv og det var understreka kor mange positive ringverknader kulturen har for fylket v rt. Samarbeidet mellom kulturinstitusjonane og skulane vart ogs  trakt fram.

I tillegg til Sogn og Fjordane Folkemusikklag var brevet ogs  st tta av Opera Nordfjord, Norsk Countrytreff, Gloppen musikkfest, F rde Internasjonale Folkemusikkfestival, Sogn og Fjordane teater, Sogn og Fjordane kulturskuler d, Firda vidareg ande skule, Dramafestivalen i Fjaler, Malakoff, Jazz p  J lst, Balejazz, Norges Korpsforbund, Norges Korforbund, Dans utan grenser, Sogn og Fjordane Symfoniorkester og DKS i Sogn og Fjordane.

ORGANISASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for   ta vare p  og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for   auke kunnskapen om og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom  :

- sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
- initiere samarbeid med relevante akt rar regionalt, nasjonal og internasjonalt
- nytte menneskelege og  konomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet

For   auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein f resetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein godt fungerande, framtidsretta, sj lvutviklande og effektiv organisasjon med god kompetanse.

STYREARBEID OG ARBEIDSGJEVARANSVAR

Styret har arbeidd med   etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. F rre styreleiar har utarbeidd "Styreleiarpermen" med informasjon om oppg ver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret. Det vert jobba for   oppdatere permen kontinuerleg

RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Folkemusikklaget har arbeidd vidare med   skape gode rutinar for   rapportere og dokumentere verksemda v r, og har siste  ra mellom anna arbeidd med   digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium.

UTSNITT

Det kom fleire plateutgjevingar med artistar og/eller musikk fr  fylket: Nyutgjeving p  CD av «Fjukande skyer» (Lars Skjervheim og spelemenn fr  Sogn og Fjordane), «Audire» (Linda Gytri Trio), «Dansar i gamal stil av Per Bolstad (Rolf Nylend og H vard Svensrud med ensemble), «Sl ttar etter Anders Sagen» (Einar Mj lsnes), «Epleslang», (MAAR) og «Randis gammeldansorkester» (Randis gammeldansorkester).

Unni Løvlid vart tildelt kulturrådet sitt arbeidsstipend for kunstnarar. Synnøve Bjørset og Britt Pernille Frøholm vart tildelt diversestipend.

Naustedalen spelemannslag var blant dei nominerte til «Årets lokallag 2015»

Helga 28.-29. august var det markering av 100-årsjubileet for Lars Skjervheim.



Unni Løvlid frå Hornindal spelemannslag vann vokal klasse A på landskappleiken på Fagernes.

Foto: Ingvild Skeie Ljones

Emma Nygaard Sætren frå Spelemannslaget Fjelljom vann dans fele klasse C på landskappleiken og blei tildelt FolkOrg-stipend. I same klassa vart det også delt tredje plass til Stine Fjellkårstad/Mathias Hagen frå Fjelljom og Sigrid Bøe/Elling Sindre Syversbråten frå Fjelljom.

Kristi og Tora Bjørhusdal frå Jostedal spel- og dansarlag kom på andreplass i gruppespel junior på LK.

Også Dagfrid Vallestad Brevik kom på andreplass i spel hardingfele klasse B under landskappleiken på Fagernes. Ho kvalifiserte seg også til A-klasse. Gamlebanken spelemannslag kom på tredje plass i lagspel senior.

Ingrid Stuhaug kom på ein andreplass i klassa solo fele/hardingfele under Landsfestivalen på Lom. Danselaget «Lystringen» frå Jostedal vann lagdansklassa på Landsfestivalen medan Irene Hestvik og Leon Årdal frå Indre Sunnfjord spelemannslag dansa seg til ein 2. plass i klassa for pardans.

Førdefestivalen hadde ei rekkje artistar frå fylket på programmet også i år. Tema for festivalen var «World ConneXions» Festivalen sette fokus på likskapar og samanhengar mellom musikk-, song- og dansetradisjonar i ulike kulturar.

Hilde Bjørkum vart vald til ny leiar av Norske Festivalar på årskonferansen i Molde.

Naustedalen spelemannslag "Årets folkemusikkarrangør 2015".

Sogn gammaldansfestival vart arrangert for 16. gong.

Karl Seglem, Linda Gytri og MAAR var blant dei nominerte til Luttpriisen 2015.

Erlend Apneseth kvalifiserte seg til finalen i Introfolk.

Det er gjeve ut eit nytt notehefte med slåttar av spelemannsbrørne Moses, Petter og Adolf Paulen frå Jølster. Heftet heiter «Slåttar frå Jølster» og er arrangert for to feler av Sven Nyhus.

Naustdalen spelemannslag har laga ein rapport «Dei tok musikken med seg» om korleis utvandrarane sin musikk har utvikla seg i USA. Rapporten kan lesast på Naustdalen si heimeside. Her er også 32 musikkopptak av spelemenn og grupper som er omtala.

Kårhild Husby Nordstad frå Bergen vart under Vestlandskappleiken i Førde tildelt Audhild Flaktveit Moxnes sin minnepris. Prisen som er på 10 000kr.

Austrheim Musikklag inviterte med seg spelemannsvener til dansehelga på Bardøla høvfjellshotell på Geilo helga 2.-4.oktober.

Fjelljomfestivalen vart arrangert for andre gong med blant anna helgekurs for unge felespelarar, fleire kortkurs og konsertar.

Hilde Bjørkum vart tildelt Fylkeskulturprisen 2015.

Spelemannslaget Fjelljom arrangert Anders Reed-kveld i Utvik.

Jostedal video v/Tormod Øvrebø har også i år lagt ut filmklipp på YouTube av mange dansarar på ulike kappleikar/festivalar. Dette har vorte godt motteke i miljøet og klippa har mellom anna vore nytta i opplæringssamanheng.

Jeremiasfestivalen vart arrangert for fjerde gong med blant anna To damer og to herrar. (Gjermund Larsen, Einar Olav Larsen, Eldbjørg Hemsing og Ragnhild Hemsing) på programmet.

Dansegruppa i Fjelli UL mottok Stryn kommune sin kulturpris.

Arve Bjørn Røneid vart tildelt Storefjellsprisen.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2015 hatt ei rekkje samarbeidspartnarar og økonomiske støttespelarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekkje tiltak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Førdefestivalen
KOMP
FolkOrg
Rådet for folkemusikk og folkedans
Tine
Lerum
Luster Sparebank
Norsk Barneblad
Hordaland Folkemusikklag
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
NTL Sogn og Fjordane
Jostedal spel- og dansarlag
Luster Trekkspelklubb
Indre Sunnfjord spelemannslag

05.03.2016

Antonia Karete Haugen Kongsvik – styreleiar



(sign.)

Dagfrid Vallestad Brevik- nestleiar

(sign.)

Knut David Hustveit - styremedlem

(sign.)

Arve Bjørn Røneid - styremedlem

(sign.)

Aud Sissel Orheim - styremedlem

(sign.)